



Vår ref.: 2020/2543-3

Dato: 08.06.2021

Notat gjeld:

Oversikt over økonomiske verkemidlar

Lån frå Husbanken

"Lån fra Husbanken skal bidra til enten å fremme og utvikle viktige boligkvaliteter i ny og eksisterende bebyggelse, eller et godt boligtilbud for vanskeligstilte på boligmarkedet og studenter. Lån fra Husbanken skal også bidra til finansiering av boliger i distriktene og barnehager. Lån fra Husbanken skal ikke innebære overkompensasjon. Det vil si at anslatte økonomiske fordeler ikke skal overstige anslatte merkostnader og en rimelig fortjeneste." FOR-2019-11-18-1546 Forskrift om lån fra Husbanken §1-2


Husbanken har ulike typar lån til bustadar:

- Lån til oppføring av miljøvenleg bustad
- Lån til oppføring av livslaupsbustad
- Lån til oppgradering av eksisterande bustad
- Lån til utleige av bustadar til vanskelegstilte

Tilskot

Kommunane kan søkja om tilskot til utleiebustadar for vanskelegstilte og investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustadar.

Startlån



Kommunane låner inn startlånmidlar frå Husbanken for vidare utlån til personar som oppfyller krav knytt til formålet med startlånet. Målgruppa er:

1. barnefamiliar med langvarig låg inntekt


2. menneske med nedsett funksjonsevne
3. unge uføre med langvarig låg inntekt
4. i tillegg kjem andre som er økonomisk vanskelegstilte, som flyktningar, eldre uføre osb.

Kommunen kan gje startlån til personar som ikkje får lån eller tilstrekkeleg lånebeløp i ordinære kredittinstitusjonar. Startlån kan tildelast personar med langvarige finansieringsproblem, slik at dei kan skaffa seg ein eigna bustad, eller til å re-finansiera for å behalda den bustaden dei har. Startlån har som føremål:

- skal bidra til at husstandar med langvarige bustadetableringsproblem skal få høve til å etablera seg og bli buande i nøkterne og gode bustader.
- husstandar med etableringsproblem er husstandar som har behov for heil eller delvis finansiering frå kommunen. Finansieringa skal gje husstanden stabile butilhøve.

Startlån er behovsprøvd - søkjar må ha evne til å nedbetala lånnet over tid, og framleis ha nødvendige midlar igjen til livsopphald. Det har dei siste åra vore få startlån som er vorte tildelt i Kvinnherad kommune. Ei årsak er at det har vore for få ressursar som har arbeidd aktivt med startlån, og at søkerane har vorte meir kompliserte òg. Gjennom tiltak i Handlingsplanen med eit meir tverrfagleg samarbeid satsar ein no på at ein meir aktiv og målretta bruk av startlånet (ordninga) skal føra til auka tildelingar. Startlånet skal nyttast til at fleire får mogelegheita til å bu i eigen eigd bustad, og som eit verkemiddel for at fleire kan få ein godt tilrettelagd bustad.
(Startlån er meir omtala i sak 2021/162 – 1)

Statleg Bustønad



Bustønad er ei statleg økonomisk støtteordning som er rettsbasert. Ordninga har som føremål å sikra husstandar med låg inntekt og høge buutgifter ein trygg og god bustad, at dei kan verta buande i bustaden, eller at dei kan skaffa seg ein betre bustad. Tildeling av bustønad er behovsprøvd og det vert stilt krav til husstanden og bustaden. Bustønad vert rekna ut frå buutgifter, inntekter og tal personar i husstanden. I Kvinnherad har vi også lokal bustønad til dei som leiger kommunal bustad, og der buutgiftene er nokså høge etter at det vart innført gjengs leige. Denne ordninga har vore lite nytta fordi den er behovsprøvd, og leigekostnadane har ikkje vore så høge at ein har kome opp i for store utgifter.

Kommunal Bustønad

Kvinnherad kommune innførte kommunal bustønad i 2018. Denne stønaden hadde som formål at leigetakrar i kommunale bustadar skulle få ei fast, kommunal bustønadsordning som kunne gjera det mogeleg vanskelegstilte å leiga kommunal bustad.

Vilkåra for kommunal bustønad er:

1. Søkjar må vera 18 år og folkeregistrert på søknadsadressa.
2. Søkjar må ha vedtak om rett til å leiga kommunalt disponert bustad.
3. Bustaden må vera ein kommunalt disponert bustad med gjengs leie eller marknadsleige.
4. Søkjar må ha søkt om statleg bustønad frå Husbanken.

NAV hjelphemiddelsentral – tilskot til rampe/ heis

Tilskotsordninga gjeld brukarar som fyller vilkåra for å få heis og/eller rampe. Tilskot i staden for heis og/eller rampe kan nyttast saman med Husbanken og kommunen sine ordningar for å finansiera ei varig tilrettelagt løysing i bustaden. Vurderingar skal utførast i samarbeid mellom brukaren, Nav Hjelphemiddelsentralen og kommunalt tverrfagleg team for tilpassing, der mellom anna ergoterapitenesta er med.

Tilskot til etablering, tilpassing, utgreiing og prosjektering

Tilskot til tilpassing kan gjevast til alt frå enkle tiltak til større ombyggingar, til dømes:

- Utvendig terrenigarbeid der det er naudsynt for å betra tilkome til huset.
- Påbygging/ombygging av bustad for å få alle bruksrom på eitt plan.
- Utviding av dørropningar/rom/korridorar og byte av dører, inkludert branndører.
- Fjerning av tersklar og terskelplater.
- Tilrettelegging av bad.
- Installering av eller tilrettelegging for velferdsteknologi som får bustaden til å fungera betre, og førebyggja behov for tenester eller innlegging i institusjon. Anna arbeid som er nødvendig for at personar med nedsett funksjonsevne kan fortsetja å bu heime

Det vert gjeve tilskot for kostnadar med inntil kr. 50 000,- pr bustad. Dersom utbetringa/tilpassinga er dyrare enn kr. 50 000,- kan godkjende kostnadar utover dette finansierast med ein kombinasjon av tilskot og lån. Tilskotet er avhengig av tilgjengelege midlar i kommunen, samt ei heilskapleg vurdering av behov og moglegheiter for stønad frå andre offentlege ordningar. Tilskot frå Kvinnherad kommune er behovsprøvd, og føreset at søker ikkje har andre høve til å finansiera tilpassinga.

Det vert ikkje gjeve tilskot til ordinært vedlikehald og oppussing. Det blir bare gjeve tilskot éin gong. Tilskot til prosjektering kan maksimalt vera kr. 20 000,-.

Søknadsfrist

Tilskot til tilpassing er sterkt behovsprøvd, og skal rekka til flest mogleg tiltak. Det er difor tildeling to gongar i året, og søknadsfrist på desse er den 01.03. og 01.09. Tilskotsordninga er meir omtala i sak: Retningsliner for startlån og tilskot i Kvinnherad kommune. (2021/162 -11)